



FYLKESMANNEN I  
MØRE OG ROMSDAL

## ■ P R E S S E M E L D I N G

# Kven blir "Årets leverandør av økologiske produkt" i 2014?

**Vi inviterer både publikum og fagfolk til å kome med forslag på gode kandidatar. Vinnaren blir kåra under Den Norske Matfestivalen i Ålesund i august.**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Bioforsk Økologisk og Den Norske Matfestivalen står for utdelinga av denne nasjonale prisen. Vi vonar at det kjem inn mange gode forslag!

Ein av målsetjingane i den økologiske satsinga er å få økologiske varer ut til forbrukarane. Difor er det viktig å setje fokus på produsentar som sel økologiske varer gjennom daglegvarehandelen. Statens landbruksforvaltning finansierer prisen, som er eit flott diplom og eit vakkert bilete.

**Dette er det tiande året prisen vert delt ut, og dei tidlegare prisvinnarar er:**

2005 - Rørosmeieriet	2010 - Økodrift Homlagarden AS
2006 - Trygve og Erna Sundt	2011 - Grøstadgris AS
2007 - Godt Brød	2012 - Kjær Gartneri
2008 - Tine BA	2013 - Norganic
2009 - Balholm AS	

**Statuttar for "Årets leverandør av økologiske produkt":**

- Prisen skal delast ut til ein bedrift eller ein person som produserer eller omset norske, økologiske produkt.
- Prisvinnaren skal gjennom arbeidet sitt ha vist at vedkomande forstår heilskapen i den økologiske tankegangen.
- Produktleveransane skal være profesjonelle og sikre, og halde ein høg standard.
- Produkta skal i hovudsak seljast gjennom daglegvarehandelen.

Juryen er sett saman av fem medlemmer frå følgjande organisasjonar: Debio, St. Olavs Hospital, Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Oikos, Bioforsk Økologisk. Denne juryen skal vurdere dei ulike kandidatane, og prisen skal delast ut på Den Norske Matfestivalen i Ålesund i august 2014.

**Forslag til kandidatar sendast til [fmmrpostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmmrpostmottak@fylkesmannen.no)**

**Frist for innsending av forslag er 20. juni 2014.**

Forslaget må vere grunngjeve og innehalde fylgjande informasjon:

- Namn/firmanamn og adresse til kandidaten.
- Kort omtale av produkt og firma.
- Namn og adresse på innsendar.

Kontaktperson for kåringa av "Årets leverandør av økologiske produkt" er rådgjevar Kirsti Indreeide ved Landbruksavdelinga hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal. [fmmrkiin@fylkesmannen.no](mailto:fmmrkiin@fylkesmannen.no) Telefon 71258143